

## **EUs liberalistiske postpolitikk vil svekke næringsliv og busetting i distriktsnoreg**

Likeverdige og gode posttenester er ein viktig del av den infrastrukturen som sikrar at vi har næringsliv og busetting i heile Noreg. Det er samfunnsmessig naudsynt å fortsatt sikre eit landsdekkande tilbod av posttenester til lik pris og med god kvalitet.

I dag sikrar einskapsportoan at eit brev kostar like mykje anten det blir sendt frå ein by til ein annan på austlandet, eller om det blir sendt frå Sogn og Fjordane til Finnmark. Portoan for lønsam brevdistribusjon i sentrale strøk bidrar slik til å oppretthalde eit godt service- og kvalitetsnivå på posttenestene i distriktsnoreg.

Dette blir det slutt på dersom Stortinget og regjeringa velgjer å følgje EUs postdirektiv. Postdirektivet opnar den siste resten av den norske postmarknaden for fri konkurranse frå 1. januar 2011 eller 2013, hvis ikkje vetoretten i EØS-avtala blir brukt.

Konkurrentane vil sjølvsagt etablere seg der dei store og lønsame brevvoluma finst, altså dei mest tettfolka områda rundt dei største byane på austlandet for å kunne "skumme fløyten". Det vil føre til at Posten ikkje lenger vil få økonomi til å oppretthalde lik pris for brev i heile landet eller landsdekkande distribusjon 6 dagar i uka.

Dagens avgrensa einerettsområde for brev under 50 gram er ein føresetnad for lik porto i heile landet, og det er denne eineretten som fell bort dersom postdirektivet blir norsk lov.

Nei til EU går mot at EUs liberalistiske postpolitikk skal få svekke næringslivet og busetting i distriktsnoreg, og landsmøtet krev at vetoretten blir brukt mot postdirektivet.